

# **Reguleringsplanforslag for KROKAN SKYTEBANE ØYFJELL, VINJE KOMMUNE**

08. 11. 04

Reguleringsplanen er tegna på kart i målestokk 1: 2000

REGULERINGSFØRESEGNER etter PBL §25

Innanfor avgrensinga er arealet regulera til:

## **Fareområde ( §25, 1. ledd nr 5)**

Skytebane

Høgspenningsanlegg

## **Spesialområde ( § 25, 1. ledd nr 6)**

Skytebane

Privat veg

Privat parkering

Frisiktsone veg

## **§ 1 Fellesføresegner**

Dersom det under anleggsarbeid i området skulle dukke opp freda kulturminne, må arbeidet straks stansas og regionaletaten varslas, jf kulturminnelova § 8.2.

## **§ 2. Fareområde**

### **2.1 Skytebane**

Ved skyting skal nødvendige tiltak settas i verk for å sikre person, eigedom og trafikk mot skade. Vegen skal ved skyting stengas rett etter avkøyringa til parkeringsplassane.

### **2.2 Høgspenningsanlegg**

Høgspent kraftline i luftstrekk skal ha ei byggegrense på 4,5m frå midten av lina.

Avgrensingar knytt til bruken av fareområdet går fram av Elektrisitetslova.

## **§ 3. Spesialområde**

### **3.1 Skytebane**

a) Innanfor området kan det leggas til rette for skytebane med tilhøyrande skyttarhus med sanitæranlegg, standplassbygg type F med framtrekk på 3,5m for kvar 2. skyttar, elektroniske skiver, kulefang, skivevollar, graver, ev. støyvoll og anna knytt til drifta. Bygningar skal gjevas ei tiltalande form som er tilpassa andre bygningar i området.

b) Vollar og andre opparbeidde delar av noverande og nytt anlegg skal såas til med gras.

c) Mellombelse innretningar som er naudsynt i samband med arrangement skal takas bort ved avslutning. Dette gjeld også reklameskilt, søppel o.l

d) Bruken av skytebanen skal taka omsyn til kyrkjelege arrangement. Skytebanen skal ikkje nyttast på dei tidspunkt kyrkja vert bruka til gudsteneste, bryllaup eller gravferd. Det skal takas kontakt med kyrkjekontoret ved kyrkjevevja/ soknerådet for å koordinere aktiviteten i rimeleg tid før stemne o.a.

- e) Kveldsskyting (mellom 18.00 – 22.00) kan skje inntil 4 gonger pr veke og skyting på søn- og heilagdagar ikkje oftare enn 2 gonger pr månad.
- f) Støynivået skal ikkje overstige 65 dB for omkringliggande bustader og fritidshusvære med unnatak av Nordbø.
- g) Vesentleg endra bruk av skytebanen skal godkjennas i høve til Forureiningslova.

### 3.2 Privat veg

- a) Alle fyllingar og skjeringar skal såas til. Det skal byggas bru eller stikkrenne for alle bekkar, og desse skal dimensjonerast for stor vassføring.
- b) Vegen skal byggas og haldas i hevd av Øyfjell skyttarlag, men vegen skal kunne nyttas som driftsveg for eigedommen Skolås.

### 3.3 Privat parkering

På området regulera til parkering skal det opparbeidas eit høveleg tal parkeringsplassar, min. 40. Parkeringa skal dekke trongen til parkeringsplassar ved treningar og mindre arrangement. Ved større arrangement skal det leggas til rette tilstrekkelig parkering i rimeleg nærleik til skytebanen. Arrangørane skal ha klarlagt område for mellombels parkeringsareal i god tid før arrangementet.

### 3.4 Frisiktsone veg

I sona er det ikkje tillete med objekt høgare enn 0,5m over nivå på tilstøytande veg. Tre, stolpar og liknande med ein diameter mindre enn 30 cm kan godtakas etter godkjenning frå kommunen.